



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Eyvin Søltnæs
Telefon: 57643135
E-post: fmsfes@fylkesmannen.no

Vår dato
28.06.2016
Dykkar dato
15.06.2016

Vår referanse
2015/1607- 561
Dykkar referanse
201006380/201102175/201102911/20130
0079

Noregs vassdrags- og energidirektorat

nve@nve.no

Fråsegn til nye utbyggingsalternativ for Tjøredalselva kraftverk og Øyrafossen kraftverk i Fjaler kommune

Vi viser til oversendinga 15.6.2016. Vidare viser vi til høyringsfråsegna vår datert 28.1.2016, og til sluttsynfaringane i mai og juni i år.

Fylkesmannen rådde frå at det vert gjeve konsesjon til Tjøredalselva kraftverk og Øyrafossen kraftverk. Dette vart grunngjeve med at utbygging vil råke viktige verneverdiar, og redusere verdien som type- og referansevassdrag. For begge prosjekta vart uttak av vatn i periodar med låge vassføringar vurdert som konfliktfullt.

Dei to prosjekta har vald ulike løysingar for å redusere negativ påverknad på vassdraget i periodar med låg vassføring. Ei utbygging av Tjøredalselva med blenda coandainntak vil sleppe 50% av vassføringa forbi inntaket, og dermed oppretthalde meir dynamikk i periodar med låg vassføring. Nytt alternativ for Øyrafossen kraftverk vil auke minstevassføringa om sommaren og dermed sikre meir vatn i lågvassperiodar. For begge prosjekta vil nytt alternativ auke den samla vassutnyttinga.

Vi konstaterer at dei nye utbyggingsalternativa for Tjøredalselva kraftverk og Øyrafossen kraftverk vil sikre noko meir vatn i elvane i periodar med låg vassføring. Samtidig vil slukeevna aukast til 61% for Tjøredalselva kraftverk og 56% for Øyrafossen kraftverk, noko som vi vurderer som svært høgt for kraftverk i vassdrag som er verna mot kraftutbygging. Etter vår vurdering vil også dei nye utbyggingsalternativa kome i konflikt med vassdragsvernet.

Konklusjon

Fylkesmannen rår frå også dei nye utbyggingsalternativa for Tjøredalselva kraftverk og Øyrafossen kraftverk.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernsejef

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Fjaler kommune
Miljødirektoratet